

## Status for HMS-dokumentasjonen - pr. august 2019


Personalseksjonen hos fylkesrådmannen har i august gjennomført ei evaluering av HMS-dokumentasjonen til alle einingane i Møre og Romsdal fylkeskommune.

HMS-systemet er bygd opp etter same malen i alle einingane (8 mapper), og kvar eining har fått tilbakemelding på kvar einskild mappe med fargekodar. Skolane har i tillegg ei mappe med AMU- og OD-referat, desse blir også evaluert.


Vi nyttar fargeskalaen grønn – gul – raud. Koden grønn viser at mappa har den kvaliteten som er forventa og beskrive i HMS-systemet – felleskomponentar.

<http://mrfylke.no/Intranett/Kvalitetsleing-HMS/HMS/HMS-system-felleskomponentar>

Vi gjer denne evalueringa kvart halvår, og i høve til den evalueringa vi hadde ved nyttår er vi på rett veg når det gjeld å få dei lokale HMS-mappene i tråd med krava i HMS-systemet. Vi får fleire mapper på «grønt» og færre på «gult» og «raudt».




I diagrammet over ser vi at kvaliteten på HMS-dokumentasjonen omtrent uendra i høve til tilsvarende gjennomgang for eit år sidan, men vi har registrert ei jamn betring sidan 2014. Vi har vurdert fleire område strengare enn før. Dette gjeld t.d. AMU-møta, der vi no krev at bedriftshelsetenesta skal delta. Vi har også stilt strengare krav til avvik og risikovurderingar, vi krev no at dette skal vere dokumentert via RiskManager og ikkje via manuelle skjema.



### Status på dei ulike mappene

Tabellen under viser status for dei ulike mappene med tal på dei ulike tilbakemeldings-kodane.

Det er dei tre mappene Avvik/risikovurdering, Handlingsplan og AMU-/OD-møter som kjem dårlegast ut.



Vi set krav om at det skal ligge ute både BHT-periodeplan og HMS-handlingsplan med konkrete HMS-tiltak. Resultatet for dei to planane er vist som to ulike søyler.

Når vi evaluerer HMS-dokumentasjonen, ser vi på det som er lagt ut i dei ulike mappene på intranettet. Ein svakheter med denne måten å gjere det på er at nokre einingar kan ha td. gjort

risikovurderingar, men ikkje lagt ut dokumentasjon på dette i mappene.

Resultata viser m.a. desse trekka:

- Resultatet viser at vi ligg på 84% med godkjent tilbakemelding, vi har eit mål om at i alle fall 90% skal vere godkjent.
- Vi har framleis einingar der arbeidet med lokale HMS-mapper har lege nærmast brakk dei siste 2-3 åra. Desse einingane får stadig fleire utdaterte dokument og informasjon.
- Det er viktig at HMS-arbeidet blir gjort som eit samarbeidsprosjekt som involverer i første rekke dei sentrale rollene (leiing, HMS-koordinator og verneombod), men også dei tilsette skal trekkjast med i HMS-arbeidet. For å få fram samarbeids-aspektet klarare, har vi drøfta tanken om å gjere større del av HMS-evalueringa gjennom dokumentasjonen frå AMU-møta.

### **Vidare oppfølging**

Vi promoterer bruk av risiko-modulen i RiskManager gjennom HMS-opplæringa. eLæringsmodulane ser ut til å dekke det viktigaste opplæringsbehovet no, men vi tek gjerne fysiske samlingar dersom nokon føler at eLæring ikkje er nok.

Vi må få klarare fram at HMS skal involvere alle tilsette – ikkje gjerast som eit ein-person-foretak for å tilfredstille HMS-rammeverket og lovverket.

Når det gjeld dei einingane som ikkje har gjort noko vedlikehald på HMS-sidene dei siste åra, må vi saman med BHT, vernetenesta og etatsleiing gje den nødvendige støtta for å få også desse opp på eit tilfredstillande nivå. Her vil leiardialog-møta vere viktige kanalar for å betre dokumentasjonskvaliteten.



